


# FITJAR KYRKJEBLAD



NR 1  
FEBRUAR 2018  
ÅRGANG 41



**Kyrkjekontoret:**

Postboks 10, 5418 Fitjar  
Telefon: 53 45 85 00  
[kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)

**Kontortider:**

tysdag - torsdag - fredag: kl.10:00 - 14:00  
onsdag kl.12:00 - 15:00

**Kyrkjeverje:**

Rydland, Harald 913 47 802  
[kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)

**Sokneprest:**

Oma, Olav J. 906 38 825  
[olom@fitjar.kommune.no](mailto:olom@fitjar.kommune.no)

**Kyrkjelydsprest:**

Lydersen, Friðleif 471 76 743  
[frly@fitjar.kommune.no](mailto:frly@fitjar.kommune.no)

**Kantor:**

Overweg, Jan 901 97 069  
[jaov@fitjar.kommune.no](mailto:jaov@fitjar.kommune.no)

**Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar:**

Skumsnes, Kristian 992 23 972

**Soknerådsleiar:**

Fangel, Sigrid 480 94 634

**Nestleiar sokneråd:**

Aarbø, Gunnvald 916 86 123

**Bakken barnehage:**

kontor 53 22 26 00  
[bakken.barnehage@haugnett.no](mailto:bakken.barnehage@haugnett.no)

Gåver til kyrkjelydsprest og kyrkjelydsarbeidet  
(Skriv om du vil øyremærke gåva)

kontonr. 3546.29.05805

**Framsidedeilete:**

Frå Lys vaken i kyrkja 3. - 4. februar.  
Johannes Sandvik Bø og Kasper Fitjar.

Foto: Kjetil Rydland

Redaksjonelt

## Noko nytt

Eg har i skrivande stund takka ja til eit treårig vikariat som sokneprest på Stord, og skal innsetjast i tenesta 18. mars. Det er mange kjensler knytt til det å begynne på noko nytt. For det nye er det både spenning og glede, kanskje litt frykt. Kva kjem, korleis skal det bli?

*Olav J. Oma*

På same tid er det vemodig å avslutta det som har vore, som eg har hatt stor glede av å vera ein del av. I bibelen står det:

**«Sjå, eg gjer noko nytt. No spirer det fram. Merkar de det ikkje?»** (Jes 43,19)

Det er godt med det gamle, og spennande med det nye. Spennande å sjå kva som kjem. Slik er vi alle del av det som kjem, ingen som lever kan bli verande i fortida. Men vi kan ta med oss det som var. Slik var det då eg kom til Fitjar, mange gode spor etter dei som hadde arbeidd her før meg, etter menneske som lever her. Spor å trakka oppi. Slik sette tenesta i Fitjar kyrkje og spor i meg, spor etter menneske eg fekk tru saman med, delta i gravferd og bryllaup med, born å døypa og å oppdaga kyrkja og trua saman med. Ein flott stab, og mange gode menneske å samarbeida med.

Siste konfirmasjonen far min var med i, for fem år sidan. Då reiste han seg og talte til konfirmanten, og så fortalte han frå sin eigen konfirmasjon. Farfar og farmor hans hadde ikkje kunne koma, men dei hadde sendt brev til han, og det brevet kunne far min no gi vidare til konfirmanten i 2013. Der stod helsinga frå Fil 1,6: **«Og eg er viss på at han som tok til med si gode gjerning i dykk, skal fullføra henne – heilt til Jesu Kristi dag.»**

Slik fekk far min gi orda vidare, om at framtida ikkje hang på besten, men på Han som har alle tider i si hand, han som har lova å gå med, og som og er den som kan og vil fullføra si gode gjerning i oss og hos oss. Framtida ser lys ut når vi knyter vona vår til Jesus.



## Min salme - Alltid freidig

Å velja ut ein spesiell salme blant dei 991 salmane ein finn i salmeboka er ei utfordring. Salmeboka er ei skattkiste der eg stadig oppdagar nye rikdomar i den kristne trua.

Likevel er det dei salmane eg lærte i barndom- og ungdomstida som har betydd mest. «Alltid freidig» er eit døme på dette. Salmen er lett å syngja, er enkel og har samstundes eit alvorleg innhald med appell om å stå for eiga overtiding, jamvel om det skulle kosta. Samstundes vert det formidla håp, trøyst og tryggleik. Ein treng ikkje ottast når ein «går veier Gud tør kjenne» og har eit «Fadervår» i pakt, jamvel om ein «til målet når først ved verdens ende!»

Salmen har vore til stor inspirasjon for meg til å stå for det eg trur på, spesielt i situasjonar der eg har hatt ei anna meining enn «folk flest». Eg har også erfart at det å ha ei overtiding kan opne for meningsfulle samtalar med menneske som har ei anna overtiding, og som kjempar for det dei har kjær. Salmen kan slik føre til sann toleranse der ein ikkje utslettar seg sjølv eller andre, men tåler ulikskap og kvarandre inderleg vel.

T: Christian Richardt  
M: Christoph Ernst Friedrich Weyse

*Anne Marie Røed*



Foto: Fitjarposten

*Alltid freidig når du går  
veier Gud tør kjenne,  
selv om du til målet når  
først ved verdens ende!*

*Aldri redd for mørkets makt!  
Stjernene vil lyse;  
med et Fadervår i pakt  
skal du aldri gyse.*

*Kjemp for alt hva du har kjær,  
dø om så det gjelder!  
Da er livet ei så svært,  
døden ikke heller.*

**”Fitjar Kyrkjeblad”**

er Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad.

**Adresse:**

Kyrkjekontoret / rådhuset - Postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

**Frist for innlevering til neste blad er 13 april til [kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)**

Neste blad kjem etter planen 25. april. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

**Redaksjon:**

- Olav J. Oma (red.)
- Friðleif Lydersen
- Karvel Strømme
- Anne Hardeland
- Rolf-Atle Rolfsnes
- Torbjørn Hovland

**Trykk:** Nils Sund Boktrykkeri AS

**Ingvard Wilhelmsen er en kjent og kjær foredragsholder, og torsdag 30.11 satt en forventningsfull forsamling, i en fullsatt Fitjar kirke, klar for nye gullkorn fra denne fargerike personligheten. Vi fikk først høre hans kone Rhoda Ondengs praktfulle sang, akkompagnert av Irene Simonsen på piano.**

Birgit Hobæk

Hun startet med å synge «Go tell it on the mountain» og «My lord what a morning»

Eli Simonsen innledet og fortalte at til denne kvelden hadde de kunnet velge på øverste hylle.

Og der fant man Ingvard Wilhelmsen.

Det som tilsynelatende ser ut til å være en relativt ordinær voksen herre, viser seg å være et fyrverkeri med en gang han åpner munnen. Med en stor dose sjarm og humor, klarer han å snakke om alvorlige temaer som sykdom og død, på en særdeles morsom og avslappet måte.

Hovedpoenget hans er at man KAN gjøre noe med holdningene sine. Man kan ikke endre fortiden, man kan ikke kontrollere framtiden, man har ikke styring på sykdom og død, men man har kontroll på tankene sine, og man kan velge hvor man skal lede disse.

Som lege, med bakgrunn både innen indremedisin og psykiatri, har Wilhelmsen møtt på mange reelle

men også mange innbilt syke. Han startet opp en hypokonder-klinikk for å hjelpe sistnevnte gruppe til et mer sorgløst liv.


Det meste i livet kan man ikke gjøre noe med. Man får ikke velge sykdom, men hvordan vi forholder oss til det bestemmer vi selv. Man kan velge å være i offerrollen, eller la være. Man må velge holdninger som er nyttige, som han sier, heller nyttige enn sann.

Ikke heng deg opp i fortiden og uheldige opplevelser, de kan man uansett ikke lenger gjøre noe med. Så lenge en negativ opplevelse er bearbeidet, setter man den på hyllen, og vandrer videre.

Angst kan være nyttig, det redder deg fra fare, men angsten skal være veltilpasset. Angsten skal sørge for at du ikke krysser veien på rødt lys, men den skal ikke lamme deg i hverdagen, den skal hjelpe deg, ikke ødelegge deg.

Wilhelmsen snakker om generalister og spesialister. Noen velger å være redd for en konkret sykdom, andre går mer bredt ut. Men er denne frykten noen gang til nytte om du faktisk skulle bli syk, og sjansen for at du faktisk vil bli rammet av noe helt annet enn det du frykter er veldig mye større. Så hva gjør denne frykten med deg?

Wilhelmsen forteller at han selv ble rammet av sykdommen «Transvers myelitt» helt uventet for over 30 år siden. I løpet av timer var han plutselig lam fra livet og ned, og han har fremdeles



problemer med å gå på grunn av dette. Men hvilken nytte hadde han hatt av å gå å bekymre seg for en sykdom man knapt har hørt om i forkant? Sjansen for å tippe rett er minimal, og skulle du tippe rett, har alle bekymringene dine likevel ingen nytte den dagen sykdommen faktisk slår til.

Så snakket han om sosial angst, at mange føler det er viktig hva andre mener om deg. Men det viser seg jo at man VET ikke hva andre mener om seg, man baserer seg også der på tipping. Man tolker, grubler og konkluderer, men man konkluderer antagelig feil.

Det er OK med kontroll, men hold deg til det kontrollerbare.

Om man er forberedt på det verste, vil det ikke være like ille da om det verste faktisk skulle skje? Nytt det å øve?

«E'kje det bare gøy å være glad?»

Han snakket også om bergprekenen, og siterer: «Vær da ikke bekymret for morgendagen. For morgendagen skal bekymre seg for seg selv. Hver dag har nok med sin egen plage.» Selv i bibelen står det at man ikke skal bekymre seg unødig.

Man er frisk til det motsatte er bevist, og man kan velge å stole på, fremfor å være sjalu, så blir livet så mye lettere å leve, mener Wilhelmsen. Flaks og uflaks er dessuten veldig undervurdert.

Og skulle du møte veggen, husk på at da er det ofte en dør i nærheten.

Avslutningsvis sang Rhoda «I wonder» og «The holy city», og Eli Simonsen sa det vi alle tenkte:

«Det kan ikke bli lenge før dere er her igjen»



Torunn Aarskog

Vi har starta internasjonal bibelgruppe og det er utruleg kjekt! Ein måndag i månaden samlast me på pauserommet i Bakken barnehage. Opplegget er enkelt:

- Servering: te, ost og kjeks
- Vi les Markusevangeliet
- Syng litt saman
- Ber: "Vår Far i himmelen"

Dei neste gongane i vår er: 5.mars, 9. april, 7. mai, 4. juni kl. 19.30- kl. 21.00.

Vi les på norsk og nokre har med Bibel på sitt eige morsmål. I blant brukar me "Google translate", nokre forklarar for dei andre og tilslutt forstår me kva vi les!

Deltakarane kjem frå Cuba, Eritrea, Syria, Filippinane.

Kjenner du nokon som har lyst å vera med? Kom innom ein av kveldane! Ta gjerne kontakt med ein av oss som er med: Aase Nøttveit, Anne Marie Røed, Reidun Heradveit og Torunn Aarskog.

Arr. Fitjar kyrkje





**6. desember fekk me glede oss over konsert med tittel «Julegaven» med Trine Rein og Eli Kristin Hanssveen.**

Torbjørn Hovland

Trine hadde også konsert i kyrkja ved opninga av Fitjarfestivalen 2016, og det vart eit gjensidig kjærtegn. Konsert-turneen var i samarbeide med Mission Aviation Fellowship som fraktar materiell og personell til naud- og katastrofeområde over heile kloden.

Når det nærmar seg jul er det mange norske artistar som held kyrkjekonsertar. Det er lett å mistenke mange for å ha kun økonomiske motiv for dette, men Trine har eit sterkt og frimodig vitnesbyrd om kva som driv henne. På nitti-tallet hadde Trine Rein stor suksess. Debutalbumet «Finders Keepers» selde 150 000 plater i Noreg, i Japan har ho seld totalt heile 1.2 millionar og fleire songar var radiogiengangarar. Så ville Trine prøva seg som artist i USA, men det gjekk heller dårleg. Ei tid livnærte ho seg som limousinsjåfør og privatlivet var heller problematisk.

Ein dag stoppa ho bilen ved ei baptistkyrkje utanfor Los Angeles, og der inne opplevde ho ei overveldande kjensle av kjærleik og nåde. Trine hadde møtt Gud, og dette har vore fundamentet i livet hennar sidan. Etter denne forteljinga kunne ho syngja «Amazing Grace» med både innleving og truverde.

I Fitjarkyrkja denne kvelden var det også to eminente musikarar, Olav Torgeir Kopsland og Sjur Husom Vonen, samt operasongar Eli Kristin Hanssveen som har hatt fleire leiande roller ved Den Norske Opera. Kjemien i orkesteret var god, og det vart ein festkveld med stor spennvidde i repertoaret: Kjende julesongar veksla elegant til negro spiritual eller klassisk opera. «Det kimer nå til julefest» vart framført i sprelsk country & western arrangement, og det fungerte merkeleg nok fabelaktig. I tillegg til stemmeprakta, har Trine og Eli denne energien og utstrålinga som smittar lett og gjev umiddelbar kontakt med publikum. Konserten vart avslutta med «Joy to the world», ein song som oppsummerer nettopp kva «Julegaven» handlar om.

Sigrun Vik Nilsen

Ein gjeng med damer liker å vere ute og gå tur i frisk luft. Kvifor ikkje gå på tur i lag? Og kvifor ikkje kombinere det med misjonsengasjement? Slik kom turgruppa, eller misjonsforeininga, i stand.

Vi går tur annankvar tysdag (partalsveker), og startar frå Fitjar bedehus kl 11.00. Turen varer vanlegvis om lag to timar, og vi går ulike stader i kommunen, vi har til dømes vore både i Dåfjorden og i Osterneset. Undervegs les vi faste bibeltekstar og bønner, og får gjerne

litt misjonsinformasjon. Og vi har sjølv sagt ein stopp med niste og kaffi. Mange liker dette opplegget, fordi det er så lite forpliktande, her treng ingen førebud matservering eller andakt, og det er ingen møteplikt. Vi støttar det same prosjektet som Fitjar kyrkje, nemleg NMS sitt arbeid i Mali.

Vi er 15 damer i gruppa no, men vi pleier å vere ca 5-8 på tur kvar gong. Her er det uavgrensa plass, så alle som vil, kan bli med. Berre møt opp ved Fitjar bedehus om du vil bli med, eller kontakt Sigrun Vik Nilsen tlf 995 07 625.



### Til Fitjar kyrkjelyd

Det er ei stor glede for meg å gje gåvene eg fekk til 70-årsdagen min til Fitjar kyrkjelyd - tilsaman 30.000 kroner. Eg ynskjer at 15.000 skal gå til kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Mali(NMS) og 15.000 til kyrkjelydspreststillinga. Minst halvparten av gåvene vart gjevne på konserten. Det var overveldande!

Guds signing!  
Herman I. Aadland

### Misjonsprosjektet NMS Mali

Så langt dette kyrkjeåret har Fitjar kyrkjelyd samla inn kr 28.394,- til arbeidet i Mali. Dette inkluderer pengar som vart gjeven i samband med tidlegare sokneprest Hermann Inge Aadland si 70-årsfeiring med konsert i kyrkja. Neste kollekt til misjonsprosjektet vert 1. påskedag.

Ynskjer du å støtta arbeidet i Mali ut over dette kan du gje ei gåve til kontonummer 8222 02 85057 og merka betalinga med Mali.

I fjor samla Fitjar kyrkjelyd inn kr 59.819,- til misjonsprosjektet.

### Be for

- Dei kristne i Mali
- Fred i Mali
- NMS sitt arbeid i Mali som har fokus på å gje menneske verdig liv og varig håp.



# Imponerende julekonsert med våre egne kor og korps



↑ Osternes Mannskor

Fitjar Kammerkor ↓

**Ute var det snø og kaldt, men inne var det fullsett kyrkje og summande forventning.**

Torbjørn Hovland

Og så kunne endeleg kantor Jan Overweg ynskje oss velkomen til den kvelden då halve bygda spela og song for den andre halvparten.

Av alle dei flotte konsertane før jul, var truleg dette den viktigaste for mange. Ein overveldande demonstrasjon av mangfaldet, omfanget og nivået på dei mange kora og korpsa me er så heldige å ha i ein liten kommune.

Så braka det laus. Først Fitjar Musikklag med Thea Træet som vokalsolist, etterfølgd av Fitjar Kammerkor med Solrunn Irene Kvamen på blokkfløyte. Sokneprest Olav Oma tala om Ijoset og håpet som kom til jorda, med ulik vinkling i dei fire evangelia, før

han overlet podiet til Fitjar kyrkjekor. Det er vanskeleg å tenkja seg ein julekonsert utan Osternes Mannskor, denne bærevæggen av tradisjon og kontinuitet i ei omskifteleg verd. Også dei hadde gleder av gjestesolist

Thea Træet, og song mellom anna to songar av Lars Vik. Då alle tre kora så samla seg til felles innsats i ein julemotett med Hermann Inge Aadland som solist, kunne dette vore eit praktfullt punktum for kvelden. Men det skulle koma meir. Fitjar Skulekorps viste til fulle at alle medaljane og konkurranseplasseringane ikkje var tilfeldig flaks. Eit strålende dyktig korps, supplert av vokalistar Alice Rose Mehammer, Ole Rørvik og Thea Træet.

Avslutningsvis vart me løfta opp av eit felleskorps og eit orgelbrus som der og då gjorde songen verkeleg og handgripeleg for oss: Deilig er jorden.



## Frå St. Paul's Cathedral og Peterskyrkja i Roma til Fitjar kyrkje



**Fredag 15. desember fekk me vitjing av gutekoret «Byron Consort» frå Harrow School i London.**

Torbjørn Hovland

Skulen er ein av dei eldste og mest kjende kostskulane i England, med over 800 gutar mellom 13 og 18 år. Her har vore mange kjende tidlegare elevar, t.d. Winston Churchill.

«Byron Consort» er Harrow sitt elitekor og vart oppretta i 2001 av Philip Evans som dirigerer dei. Koret er sett saman av om lag tjue gutar og fire til fem vaksne. Koret syng ein kombinasjon av kyrkje- og verdsleg musikk, det meste frå renessansen, romantikken og modernismen.

Heilt frå starten har koret opptreidd regelmessig ved gudstenester og konsertar ved Harrow. Dei har også sunge i St Paul's Cathedral, Westminster Abbey, St George's Chapel Windsor Castle, samt mange andre kyrkjer i Storbritannia. På sine talrike turnear i utlandet har dei sunge i Peterskyrkja i Roma, katedralar i Wien, Salzburg, fleire stader i USA, Asia og Afrika. Som del av ein hektisk turne i Norge, var me så utruleg heldige å få dei hit til bygda.

Dette vart ingen tradisjonell julekonsert med velkjente songar og høg allsongfaktor. Programmet var i stor grad ukjent for oss, sjølv den norske komponisten Ola Gjeilo (1978 - ) som hadde skrive

4 av songane, er nok eit nytt bekjentskap for mange. Det var også innslag av mellom andre Bach, Grieg og Max Reger, men elles var det nyare sakral musikk me fekk høyre. Så ubegripeleg melodios og vakkert, med ein mest overjordisk klangrikdom.

For mange er nok den tradisjonelle julekonserten med «Sølvguttene» på fjernsynet det næraste kjennskap til slike klokkeleine gutesopranar. Men å få sitje like framfor koret, overgår totalt det sanseintrykket NrK maktar å formidle.

Kantor Jan Overweg trakk spikaren på hovudet då han i takketalen til koret sa at dersom dei 150 år gamle kyrkjeveggane kunne tale, ville dei truleg seie noko slikt:

«We have never heard anything like this!»

## Ingvild i Estland

Eg heiter Ingvild, er 20 år og bur og jobbar dette skuleåret i Estland som ein del Ucrew, NMS sitt eittåringsprogram. Vi er i år tolv eittåringar, fordelt på Estland, England, Spania og Frankrike, men eg er åleine som eittåring her i Estland. Eg bur midt i Tallinn og jobbar i to kyrkjer. Den eine ligg i Mustamäe, ein bydel i Tallinn, den andre i Saku, som ligg ein 20 minuttars biltur frå Tallinn.

Ingvild Prestbø

I Estland støttar NMS opplæring av ungdomsleiarar, eit kristent mediearbeid for ungdom, menighetsplanting og kyrkjebygging. Eg kjem innunder menighetsplantingsdelen, då eg jobbar i to førehaldsvis nye kyrkjer. Menigheten vår i Saku fylte nettopp fem år, medan i Mustamäe har ein halde på i sju år.

Det som er spesielt med akkurat dei to kyrkjene eg jobbar i, er at begge har planar om nye, fine kyrkjebygg. Slik det er no, er begge kyrkjene litt gøynte. I Saku held vi til i eit gammalt bedehus, i Mustamäe i kjellaren på bydelshuset. I Saku er ein framleis på planleggings og pengeinnsamlingsnivå, medan i Mustamäe er ein kome ganske langt i sjølve byggjeprosessen og har planar om mogleg innflytting allereie til hausten!

I jobben min får eg vere med på mykje forskjellig. I Mustamäe dreier det seg stort sett om barnarbeid og litt diakoniarbeid, medan i Saku er eg med på



ungdomsarbeid og deltek musikalsk. I løpet av ei veke er eg med på bla. babysong, kor, søndagsskule og gudsteneste, og så jobbar eg i bruktbuikk ein halv dag i veka. I tillegg kjem månadlege aktivitetar som ungdomskveld og jenteklubb for jenter frå 11 år og oppover.

Det har til tider vore utfordrande å kome åleine til eit nytt land, men eg kjenner at det er verdt det fordi det bringer med seg så mykje lærdom og gode erfaringar. Eg har heile tida følt at eg har folk her som bryr seg om korleis eg har det, noko eg ikkje kunne ha vore meir taknemleg for. Eg prøver å lære språket så bra som mogleg, og merkar at trivsla aukar i takt med språkkunnskapane. Det er utruleg kjekt å kunne forstå ein andakt, eller le saman med dei andre når nokon seier noko gøy. Eg skal vere i Estland fram til midten av juni, og eg gler meg til å sjå kva våren har å by på!



25. januar fekk me gleder av å møte forfattaren Bente Bratlund i kyrkja. Ho er busett på Os og har ca 70 bøker bak seg, mange omsette til fleire nordiske språk. Med seg hadde ho Trond Fykse på piano og songsolist Kjersti Wiik som underviser i kulturskulen, dirigerer kor og har laga fleire CD-plater.

Torbjørn Hovland

Temaet for kvelden var «Midt i livet – med skråblikk på mennesket».

Publikum i kyrkja var truleg 90 % kvinner, og det vart eit varmt møte med ei moden medsøster med klangfargar frå både oppturar og nedturar i livet. Bente las ærlege og nære dikt om eigne samlivsbrot, og om ein kropp som vitnar om fødsler og åra som har gått.

Me skal ikkje alltid sjå ut som ein syttenåring, og me kan ikkje forlange å vera lukkelege heile livet.

Med humor og sjølvironi vart me minna på å sjå kvarandre – og elske kvarandre – som sårbare og feilbarlege medmenneske. Bente ber oss om å



løfte kvarandre opp og fram med mjuke hender og oppmuntrande ord. Songane undervegs illustrerte dikta, og når me song «Ver du glad i den nasen du har» passa den fint inn i både humoren og filosofien oppsummert midt i livet. Ein empati- og terapi-kveld for alle med mentale skrubsår og kroppar med slitemerke av levd liv.

## Sjømannskyrkja

Friðleif Lydersen

Sjømannskyrkja – Norsk kyrkje i utlandet er Den norske kyrkje sitt arbeid i utlandet. Sjømannskyrkja blei stifta av presten Johan Cordt Harmens, kalla Storjohann og andre 31. august 1864. Den fyrste norske sjømannskyrkja blei oppretta i Leith ved Edinburgh i Skotland i 1865. I dag har Sjømannskyrkja 29 kyrkjer rundt omkring i verden, nettkyrkje, sjømannsprestar offshore, sjømannsprestar for studentar og ambulerande sjømannsprestar.

Sjømannskyrkja har mange forskjellige tilbod til nordmenn i utlandet f.eks. gudstenester, sosiale- og kulturelle møtepunkt, skipsbesøk, kriseberedskap etc. Eg har sjølv besøkt 9 av sjømannskyrkjene – har mange gode opplevingar i møte med kjerka. Anten du er turist, student eller fastbuande vil eg anbefale eit besøk på sjømannskyrkja. Du får god kaffi og velsmakande vaflar og treffer på hyggelege og hjelpsame menneske. Sjømannskyrkja har ei god og informativ heimeside: [www.sjomannskirken.no](http://www.sjomannskirken.no)



Sjømannskyrkja i København

### STRANDA BEDEHUS

13.04. Møte IMS: Kåre Johan Hamre

### FITJAR BEDEHUS

25.02. 19.30 Søndagsmøte  
27.02. Årsmøte Fitjar bedehus  
28.02. 19.30 Nattverdmøte  
04.03. 17.00 Storsamling - Hallvard Sveen  
05.03. Årsmøte Radio Fitjar  
07.-11.03. Møteveke FIM - Aud Karin Kjølvik Ringvoll  
18.03. 19.30 Søndagsmøte m/forbønsstund  
25.03. 19.30 Søndagsmøte - Gunnar Ingebrigtsen  
29.03. 19.30 Nattverdmøte

Sjå òg [www.fitjar-bedehus.no](http://www.fitjar-bedehus.no)

### Vårdugnad på kyrkjegarden

Soknerådet inviterer til vårdugnad på kyrkjegarden laurdagane 21. og 28. april kl. 10.00 - 15.00. Ta med hagereiskap etter kva du har lyst å jobba med. Det vert matøkt med servering av graut.

### Besøk?

I Fitjar sokn er det Diakoninemnda som har ansvaret for kyrkjelyden si besøksteneste. Dei fleste av besøksvenane er frivilljuge medarbeidarar som brukar av si eige fritid til ei veldig viktig teneste. Dei har teieplikt på lik linje med prestane. Ønskjer du deg ein besøksven som kan koma på besøk til deg?

Da kan du ta kontakt med kyrkjelydsprest, Fridleif Lydersen på 471 76 743.

### Soknerådsmøte onsdag 7. februar

I møtet vart det orientert om at Olav J. Oma i bispedømerådsmøte same dag, vart tilsett i eit treårig vikariat som sokneprest på Stord. Vi fekk ingen søkjarar til utlysinga av kyrkjelydsprest. Soknerådet vil arbeida for å lysa ut stillingane som sokneprest og kyrkjelydsprest i Fitjar sokn snarast.



22. februar kl. 19.30

"Guds hjerte"  
Turid Bakke Braut  
Sigrun Jørdre



10. mars kl. 17.00

JUBILEUMSKONSERT  
Fitjar Barnegospel 20 år

Fitjar Barnegospel  
Bjarte Leithaug



26. april kl. 19.30

"Skam, skuld og oppreising"  
Unndis Bergås

arr.:  
temakveldgruppa/Fitjar  
Sokneråd

**LOS ELEKTRO** **EL-PROFFEN**  
 www.los-elektro.no  
 firmapost@los-elektro.no  
 53 42 21 00

**MesterVindu**  
 Tlf: 53 45 89 70 - Fax: 53 45 89 80  
 Internett: www.mestervindu.no

**FMV**  
 53 45 72 00  
 53457220 (fax)  
**Fitjar Mekaniske Verksted AS**

**FITJAR**  
 småbåt & fritidsservice  
 - Me kan tritid  
 Årskog, 5419 Fitjar 944 30 500 http://www.fitjarbaat.no/

**GSE SANDVIK AS**  
 55 60 18 20

**FITJAR SJO OG CAMPING**  
 Din Catering leverandør  
 Telefon: 41 42 80 38 (Randi)  
 E-post: fitjarcamping@haugnett.no

**SPAR**

**KVERNENES BÅTBYGGERI**  
 Kvernenes Båtbyggeri AS, Kalveid 27, 5419 Fitjar  
 Telefon: 53 49 90 90, baatbygg@kvernenesbaat.no

VAREHUSET **RYDLAND**  
 Velkommen til ein triveleg handel på Fitjar  
 EURNICS  
 lagmøbler  
 lyd og bilde - telefoni - kvitevarer - møbler - gaveartikler mm.  
 53 49 73 07  
 53 49 73 09  
 www.rydland.as post@rydland.as

**joker**  
 - Rydland 53 49 74 40

**VB** VARME & BAD  
**Hatlevik Rør AS**  
 Tlf: 53 49 93 15

**Thea Sweet As**  
 Sko - Gåver - Leiker  
 Kom: Norsk Tipping Rikstoto  
 Tlf. 53 49 71 61

**Duo**  
 OPNINGSTIDER:  
 Man-tys-fre: ..... 9-16  
 Ons-tor: ..... 9-18  
 Laurdag: ..... 10-14  
 No kan du bestille time på nett:  
 www.ledigtime.no  
 Tlf. 53 49 79 72

**Hår loftet**  
 OPNINGSTIDER  
 Mån.tirs.fre: ..... 9-16  
 Ons.tors: ..... 9-18  
 Laur (kun drop-in): 10-13  
 Fiks frisyren hos oss!  
 Treff oss 1 2. etg  
 i Larsen bygget  
 For timebestilling ring:  
 53 49 78 90

**Fitjar FJORDHOTELL**  
 Tlf. 53 45 77 00

**Videoen Kiosk**  
**MIX**

**AARBØ & KORSVIK FORSKALING**  
 TLF: 916 46 123

**GRØNAVIKJO UTVIKLING AS**  
 Vestbøstad - 5419 Fitjar  
 90 12 02 81

**Engevik & Tislevoll a.s**  
 Byggmester og Entreprenørfirma  
 Tlf. 53457300. Fax. 53457310

**Vågen's kro og catering**  
 48 04 19 09  
**KYSTEN RUNDT**  
 MAT I FARTEN

**SJØTROLL**  
 Sjøtroll Havbruk AS  
 Vestbøstad - 5419 Fitjar  
 919 11 800

**Vesthaugane**  
 www.vesthaugane.no  
 Telefon: 53 49 74 34 - 91 82 41 58

**Aarskog Elektro**  
 AUT. ELEKTROENTREPRENØR - 5419 FITJAR  
 TLF. 53 49 71 00 - MOB. 40 40 41 45

**REMA 1000**  
 bare lave priser  
 Fitjar - tlf. 53 49 70 50

**FRS**  
 FITJAR RØR & SANITJER A.S  
 Mobilnr: 975 02381

**Engesund Fiskeoppdrett**  
 Visningssenter  
 Mobilnr: 951 89950

**CARFIX**  
 Carfix Fitjar  
 Tlf: 53 49 71 21

**HEIMLI SHIP DESIGN**  
 Fitjarøen 24, NO-5419 Fitjar - Tel: +47 46 91 72 70  
 E-mail: post@heimli.com - Web: www.heimlishipdesign.com

**PORT STEINGARD**  
 Port Steingard AS  
 v/Johs Sandvik  
 Postboks 11, 5418 FITJAR  
 Telefon 916 67961

**Fitjar-Posten**  
 E-POST: tips@fitjarposten.no - MOB: 481 51 491  
 www.fitjarposten.no

SparebankenVest  
**VI ER FAMILIEBANKEN**  
 Vi følger deg hele livet

**Galleri Flora as**  
 Opningslister:  
 Mandag - onsdag ..... 09.00 - 16.30  
 Torsdag - fredag ..... 09.00 - 18.00  
 Laurdag ..... 09.00 - 15.00  
 Midt i Larsenbygget, Fitjar sentrum  
 Tlf. 53 49 95 00  
 Blomster - Gaver - Gravminner

**NBK**  
 norges bygdekvinne  
 Fitjar Bygdekvinne

**Susflidskron**  
 Tlf: 53 49 79 60

**Syng med oss!**  
 OSTERNES MANNSKOR

**Galleri Flora as**  
 Opningslister:  
 Mandag - onsdag ..... 09.00 - 16.30  
 Torsdag - fredag ..... 09.00 - 18.00  
 Laurdag ..... 09.00 - 15.00  
 Midt i Larsenbygget, Fitjar sentrum  
 Tlf. 53 49 95 00  
 Blomster - Gaver - Gravminner





## Slekters gang

### Døyppte:

#### 22.10.

Sebastian Dagsland Rimmereid  
(retting frå siste blad)

#### 21.01.

Mari Bjordal Lyrén

#### 04.02.

Vilde Nygård Kannelønning  
Jørgen Vik Lekven  
Viljar Vik Lekven  
Peder Aarskog

#### 25.02.

Liam Alexander Maraas Skumsnes

### Jordfeste:

Björg Skålevik  
f: 14.11.1930 d: 15.12.2017

Gerd Valdeland  
f: 06.04.1947 d: 23.12.2017

Ingeborg Vestbøstad  
f: 13.03.1931 d: 13.01.2018

Jan Bjørn Aga  
f: 01.07.1949 d: 22.01.2018

Asta Helland  
f: 27.02.1934 d: 28.01.2018



## Gudstenesteliste

Søn. 04.03.	3sif	11:00	Familiegudsteneste takkoffer til Kyrkjelydsarbeid, ved Jan Overweg og Olav J. Oma
Lau. 10.03.		17:00	Jubileumskonsert med Barnegospel og Bjarte Leithaug
Søn. 11.03.	4sif	11:00	Gudsteneste takkoffer til Søndagsskulekrinsen ved Jan Overweg og Olav J. Oma
Søn. 18.03.	MB	11:00	Gudsteneste, takkoffer De fire diakoninstitusjoner
Søn. 25.03.	Palm	11:00	Gudsteneste, takkoffer KRIK ved Jan Overweg og Fridleif Lydersen
Tor. 29.03.	Skjært	11:00	Gudsteneste, takkoffer til kyrkjelydsprest, ved Jan Overweg og ?
Fre. 30.03.	Langf	11:00	Gudsteneste, ved Jan Overweg og ?
Søn. 01.04.	Pådag	11:00	Gudsteneste, takkoffer til misjonsprosjektet i Mali NMS, ved Jan Overweg og Fridleif Lydersen
Mån. 02.04.	2. på	11:00	Dåfjord slipp, Familiegudsteneste, takkoffer til Dåfjord bedehus ved Fridleif Lydersen
Søn. 08.04.	2sip	11:00	Familiegudsteneste Bornas påskedag, Barnegospel ved Jan Overweg og Olav J. Oma
Søn. 15.04.	3sip	11:00	Gudsteneste, takkoffer Kyrkjelydsarbeid, ved Jan Overweg og ?, kyrkjelyden sitt årsmøte etter gudstenesta.
Søn. 22.04.	4sip	11:00	Gudsteneste, takkoffer til kyrkjelydsprest, ved Jan Overweg og ?
Tor. 26.04.		19:30	Temakveld
Søn. 29.04.	5sip	11:00	Gudsteneste, takkoffer Laget, ved Jan Overweg og Fridleif Lydersen